



Sund Sokneblad

Nr. 4
4. september 2019
Årg. 88



Bøn for dei nye 1.klassingane

Søndag 11. august, søndagen før skulane tok til med eit nytt skuleår, var det såkalla Ranselbøn i Kausland kyrkje. Ein hadde greidd å samla seks av dei nye førsteklassingane til gudstenesta, der eit av innslaga var å be for alle dei nye 1.klassingane.

side 4-5

Kyrkjevalet

9. september er det valdag, ikkje berre til kommunar og fylke, men òg til soknerådet og til bispedømmerådet. På midtsidene finn du oversyn over bispedømmevalet. Kandidatane til soknerådet i Sund finn du

side 6-7

Ny prostiprest

Frå 1. september er Knut Kaldestad tilsett som prostiprest i Vesthordland prosti. Intervju med han finn du

side 11

Kopperud sluttar

Erling Kopperud sluttar som prost i Vesthordland prosti ved utgangen av oktober månad etter 20 år. På pinsedag hadde hadde avskilsgudsteneste i Sund kyrkje, og ei tid etter i Kausland kyrkje. Om gudstenestene kan du lesa

side 13

Michal Møgster

Michal Møgster har det siste året vore prostiprest i Vesthordland prosti og har ved fleire høve hatt gudstenester i Sund. Vi hadde ein liten prat med han.

side 15

Trellevik

Siste søndagen i august var gudstenesta lagt til Trellevikbyggnaden. Det har vore tradisjon i mange år at kystkulturdagen i Trellevik blir innleia med gudsteneste.

side 10

Pastoralt perspektiv

VAL

9. september er ein viktig dag for Sund kyrkjelyd! Då er det val til *nytt sokneråd*, og vi skal peika ut kven vi ynskjer skal leia kyrkjelyden vår dei neste 4 åra.

Då kan det vera på sin plass å spørja: Kva er eit sokneråd, og kva gjer eit sokneråd?

Eg trur følgjande 2 stikkord gjev svar: *Vekkerklokke og brød*.

Kva meiner eg med det? Jau, i kyrkjelova står det at soknerådet «skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet...»

Soknerådet skal altså sjå til at kyrkjelyden får høyra Guds Ord klart og utfordrande, til *vekkjing* og *næring* for tru og liv! Dermed har soknerådet eit *åndeleg leiaransvar*, og skal utøva *åndeleg leiarskap* i soknet! Kort sagt: Soknerådet skal peika på Kristus og leggja til rette for at vi får møta han. Slik har soknerådsarbeidet *evighetsperspektiv!*

Og når vi skal velgja nytt sokneråd må vi tenkja etter kven som kan utøva denne tenesta best mogleg. Det betyr sjølvstøtt ikkje at vi skal leita etter åndelege superkvinner/menn, for dei finns ikkje! Men dei som skal leia kyrkjelyden vår dei neste 4 åra, bør absolutt ha syn for «å vekke og nære det kristelige liv i soknet...»

Og det er ditt og mitt ansvar å velgja dei rette personane, den 9. september 2019!

Men i botnen for alt dette ligg ei anna utfordring og eit anna val – som gjeld oss alle heile året! Bibelen seier: «Vel i dag kven de vil tena...» (Josva 24,15)

Og Jesus konkretiserer på følgjande måte: «Ingen kan tena to herrar. Han vil hata den eine og elska den andre, eller halda seg til den eine og vanvørda den andre. De kan ikkje tena både Gud og Mammon.» (Matt 6,24)

Dermed handlar det ikkje berre om soknerådsval og kommuneval.

Du og eg står også overfor eit val for heile *evigheten*, eit val som vi eigentleg gjer kvar dag!

Måtte vi alle, både i soknerådet og elles i kyrkjelyden få nåde til å seia med den gamle Josva: «Eg og mitt hus, vi vil tena Herren.»

Det har vi ingen ting å tapa på, snarare ein heil evighet å vinna!

GODT VAL!

Kjell-Asle Børnes

Velkommen til gudsteneste

08. september – 13. søndag i treeiningstida – Apg 6,1-7

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste med *konfirmantpresentasjon* v/Kjell-Asle Børnes og Dag Pettersen. Dåp
Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

15. september – 14. søndag i treeiningstida – Matt 19,27-30

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste med *konfirmantpresentasjon* v/Kjell-Asle Børnes og Dag Pettersen. Dåp
Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet
SØNDAGSKULE!

22. september – 15. søndag i treeiningstida – Joh 15,9-12

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster.
Dåp og Nattverd
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

29. september – 16. søndag i treeiningstida – Matt 11,16-19

SUND kyrkje kl 11:00 *Bønevandringsgudsteneste* v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd
Takkoffer: NLA (Norsk Lærerakademi)
SØNDAGSKULE!

06. oktober – 17. søndag i treeiningstida – Fil 1,20-26

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Michal Møgster. *Hautttakkefest*. Song: *Stjernekor*. Dåp og Nattverd
Takkoffer: Kirkens Bymisjon

13. oktober – 18. søndag i treeiningstida Mark 1,40-45

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

20. oktober – 19. søndag i treeiningstida – Luk 9,57-62

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd
Takkoffer: TV-aksjonen

27. oktober – Bots- og Bønedag – Luk 15,11-32

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp. Song: *Betweenskor*. *Bibelutdeling til 5.klassingar*
Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Kyrkjeskys - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dævøy - tlf. 936 10 773



Det er lagt asfalt på vegane på den gamle gravplassen på Kausland. Også på gravplassen i Klokkarvik har det kome asfalt.



Ein har etter kvart lukkast med å få graset grønarare på den nye gravplassen på Kausland.

Asfaltering av vegane på gravplassen på Kausland

Seksjon for kyrkjer og gravplassar i nye Øygarden kyrkjelege fellesråd har lagt asfalt på vegane på den gamle gravplassen på Kausland. Det vert også gjort ei fornying av vannpostane på denne gravplassen.

Seksjonen har òg gjort tiltak for å få graset grønarare på den nye gravplassen på Kausland. Ein har etter kvart lukkast med det.

Olav Martin Vik

Vedlikehald av tårntaket på Kausland kyrkje

Ettersyn av lause skiferheller på tårntaket på Kausland kyrkje, avdekka eit større vedlikehaldsbehov. Taket er grundig kontrollert og ein har kome til at det må gjerast eit større vedlikehaldsarbeid av taket. Sund kyrkjelege fellesråd bad om at kyrkjeverja tok vedlikehaldsbehovet opp med Sund kommune, som no har fått ein pris på arbeidet. Å reparere eit tak av denne typen er ganske

krevjande. Det vil koste litt i underkant av 1 mill. kroner.

Skiferen som ligg på taket vert lagt tilbake. Papp, lekter og renner vert skifta ut. Først må all skiferen takast ned.

Kommunestyret i Sund vil ta stilling til vedlikehaldssaka tidleg i haust. Det har vore ein god dialog mellom kyrkjeverja og Sund kommune.

Olav Martin Vik



Vedlikehald av orgla i Kausland kyrkje og Sund kyrkje

Sund kommunestyre har løyvd pengar til eit større vedlikehaldsarbeid på orgla i Kausland kyrkje og Sund kyrkje. Begge orgla treng overhaling og ein del delar må fornyast. Det er gitt ei rammeløyving frå kommunen på kr 350 000.

Orgelreparatøren har mykje arbeid for tida, slik at ein kan ikkje rekne med at vedlikehaldsarbeidet startar før utpå nyåret. Stemming av orgla kan ikkje gjerast før etter at vedlikehaldet er gjennomført.

Olav Martin Vik



Ranselbøn for dei nye 1.klassingane



På laurdagen var det lagt opp til ulike aktivitetar i kyrkja. (Foto: Sara Bratland Giskegjerde)

På laurdag ettermiddag, den 10. august, var det igjen dukka for Ranselbøn i Kausland kyrkje!

Ranselbøn er for dei som skal byrja i første klasse på skulen. Gjennom positive aktivitetar, ei spennande forteljing frå Bibelen og deltaking i skodespel og gudsteneste er tematikken venskap, inkludering og tilgjeving.

Ranselbøn består av to samlingar – éi ettermiddagssamling og éi gudsteneste saman med resten av kyrkjelyden.

Det var ein fin, liten gjeng som møtte opp i Kausland kyrkje på laurdag, og vi vaksne fekk gleder av å møte sprudlande barn som knapt kunne venta med å få vist fram dei fine sekkane dei hadde tatt med seg!

Etter at vi hadde ete god pizza saman og blitt litt kjende med kvarandre byrja kyrkjeklokkene å ringe og alle gjekk inn i kyrkja. Der fortalte Kjell-Asle, presten vår, om våpenrommet. Før i tida måtte ein leggja ned våpenet sitt der før ein gjekk inn i kyrkjerommet. Det skal vi forresten endå gjera, fekk vi vite. Vi skal passe på å leggja vekk dei sårande orda og tankane våre før vi samlast inne i kyrkja!

Inne i kyrkjerommet fekk borna gå på skattejakt etter små bilete som var gøymde rundt om i kyrkjerommet, av nokre av tinga som brukast i kyrkja. Deretter skulle dei finna sjølve tingen



I kyrkjelydshuset vart det servert pizza og brus og saft. (Foto: Sara Bratland Giskegjerde)



på bileta og læra kva dei brukast til – døypefonten, alterringen og lysgloben. Spørsmål og kommentarar kom om ein annan i skjønt kaos, før vi fekk møte ein spesiell mann som heitte Sakkeus.

Sakkeus levde på Jesus si tid. Sjølv om han var vaksen, var han liten av vekst og hadde difor det same problemet som borna ofte har: Det var så mange store som stengde utsikta for han. Han ville sjå Jesus. Sakkeus hadde òg eit anna problem; han var dårleg likt av dei andre, for han var ein tjuv. Men Sakkeus var smart og klatra opp i eit tre så han kunne sjå betre. Overraskinga var stor då Jesus stansa opp ved Sakkeus og sa at han ville koma på besøk til han. Dei andre likte ikkje at Jesus gjorde det. Men møtet med Jesus forandra Sakkeus, og han ynskte å gjere opp for seg og hjelpe menneska rundt seg.

Etter forteljinga fekk borna (og dei vaksne) lov å ta på seg hattar, sjal og parykkar og lage skodespel. Alle som ville, fekk etter tur lov å vere Sakkeus, Jesus og folkemengda. Preikestolen fungerte glimrande som treet til Sakkeus. Jesus og folkemengda kom bort og sa at Sakkeus skulle koma ned til dei.

På gudstenesta dagen etter kom Ranselbøn-deltakarane inn i prosesjon,

iført skulesekkane sine. Framme i korrtrappa lærte dei resten av kyrkjelyden melodien og bevegelsane til «Eg er trygg hos deg». Så var det tid for å bli bedt for! Dei sette seg ned saman med Kjell-Asle, som bad denne bønna for dei:

Kjære Gud!

Takk for at vi her i Norge får gå på skule og læra å lesa, skriva og rekna.

I dag ber vi spesielt for alle 1.klassingane!

Kjære Jesus, ta vare på dei og gå saman med dei på skulevegen.

Vær nær i klasserommet og ute i friminutta, og lat skulen vera ein trygg og god og spennande stad å vera for både barn og vaksne.

Hjelp alle til å vera gode vener, og takk for at du vil vera vår ven!

Amen!

Etter bønna fekk 6-åringane utdelt ei flott bok om Sakkeus, før dei song «Sakkeus var ein liten mann».

Mange vart etter gudstenesta med bort i kyrkjelydshuset til drøs, med kaffi, saft og eit herleg kakestykke (eller fem)! Både store og små koste seg.

Dag Reidmar Pettersen
Kyrkjelydspedagog

I gudstenesta stod ranselbøn-deltakarane framme i korrtrappa og song med på «Eg er trygg hos deg» og visterørslene som høyrde til. (Foto: Olai Otterå)



Her får dei utdelt boka om Sakkeus. (Foto: Olai Otterå)

Kyrkjevalet 2019

Valdagen er måndag
9. september 2019.
Vallokala er opne
mellom kl. 09.00 og
kl. 21.00. Røystelokala
(rommet) er tydeleg
merka med
kyrkjeval 2019.

Krins:

Sund krins

Stranda krins

Telavåg
Skogsvåg
Glesnes

Stad:

Grendahuset,
Klokkarvik

Stranda skule -
Strandahallen

Telavåg skule
Skogsvåg skule
Glesnes skule

Kandidatane til soknerådsvalet:



**1. Svein Marius
Myklebust**
f. 1970
Vaktmeister

Verv i kyrkjeleg samanheng

Frivillig i barne- og ungdomsarbeid
frå 2015

Satsingsområde

At alle skal tru på Jesus, bli verande i Jesu
ord, kjenne sanninga og verte frie.



**2. Linda Beate Nesse
Dalseide**
f. 1972
Heimeverande

Satsingsområde

Barn med særlege behov
Song og musikk
Barne- og ungdomsarbeid



3. Jan Tveit
f. 1954
Pensjonist

Verv i kyrkjeleg samanheng

Medlem i soknerådet 2015–2019
Varamedlem i soknerådet 2011–2015

Satsingsområde

Vi må bli flinke til å ha fine gravplassar.
Få folk til å bruke kyrkjene i kommunen.



4. Tone Hatlelid
f. 1972
Assistent

Verv i kyrkjeleg samanheng

Medlem i soknerådet 2015–2019
Medlem i Sund Kyrkjelige Fellesråd
2015–2019

Satsingsområde

Vere med å påvirke aktivitetane i Sund
Sokn. Engasjere meg vidare i barne- og
ungdomsarbeidet i Sund Sokn. Eg vil
delta og skape aktiviteter for dei. Eg er
opptatt av å ha ulike aktivitetar som bind
generasjonar sammen, mellom anna
strikkekafe medan det er kor. Ingen kan
gjere alt aleine, men saman skal kvar og
ein få bidra der ein kan.

**5. Fredrik Andreas
Mortensen**
f. 1968

Verv i kyrkjeleg samanheng

Engasjert frivillig i kyrkjelydar og i
kyrkjelege samanhengar eg har vore i.

Satsingsområde

Allmenn kyrkje som ligg fast i Bibelens
ord. Frivillige og forkynne ordet.



6. Liv Marit Sangolt
f. 1962
Spesialpedagog

Satsingsområde

Trusopplæring
Samfunnsansvar
Musikk



7. Arne Magnus Dævøy
f. 1940
Pensjonist

Verv i kyrkjeleg samanheng

Soknerådsarbeid
Føremiddagstreff
Klokkar

Satsingsområde

Gudstenestefellesskapet



8. Bente Aase
f. 1962

Verv i kyrkjeleg samanheng

Medlem i soknerådet 2015–2019

Satsingsområde

Evangeliet og omsorg til alle.



**9. Kenneth Andre
Giskegjerde**
f. 1977
Dagleg leiar Arkitekt
Giskegjerde

Satsingsområde

Meir fokus på det gamle testamentet
(toraen).
Jesus sin lærdom brukt i dag.
Den Heilage Ande, Ruach Hakodesh.
Inspirere ungdommen til å forstå
bibelen betre.



**10. Oddveig
Margrethe Skoge**
f. 1943
Pensjonist

Verv i kyrkjeleg samanheng

Medlem soknerådet + varamedlem
(tidl. perioder)
Medlem soknerådet 2015–2019
Kaffivert 2015–2019

Satsingsområde

Er oppteken av gudstenestelivet, at det
er eit inkluderande miljø, slik at folk kan
finne vegen inn.
Frivillig arbeid.



Pål Ketil Botvar, professor i religionsso-
siologi.

Eldre mest skeptiske til religiøs humor

Kan ein spøke med det heilage? Meinigane om slikt er sterke, og provoserande religiøs humor kan få alvorlege følgjer. Men kva meiner folk flest?

– Eldre er meir skeptiske til religiøs humor enn yngre. Ein kan godt spøke med religion generelt, og det er ikkje kontroversielt å spøke med kyrkjer og prestar, men det blir verre når ein gjer det med religiøse symbol, seier professor i religionsso-
siologi Pål Ketil Botvar.

Han er medredaktør for boka *Ingen spøk – En studie av religion og humor* som Cappelen Damm Akademisk gav ut akkurat i tide til fellesferien og som tar opp slike spørsmål.

Boka er for «alle som er opptatt av religionens rolle i humorsammenhenger, mot praktikere på mediefeltet og religionsfeltet, politikere og andre beslutningstakere, og mot studenter i samfunnsfag, religionsfag og medie-
vitenskap.»

Karikaturstriden

At religiøs humor har alvorlege sider, kjem fram på første blad i boka. Der blir karikaturstriden introdusert i 2005.

– Karikaturstriden har vore viktig. Vi har hatt ein kontinuerleg debatt særleg om avisteikningar sidan då, men òg om blasfemiparagrafen. Så kom angrepet på Charlie Hebdo i 2015, seier Botvar og peiker på den raske reaksjonen frå norske stand up-komikarar etter angrepet på det franske vekemagasinet. Det vart til framsyninga Krenk 2015 som sette søkelys på kva som kan seiast og kva som var for drygt å vitsa om i trusfeltet.

– Charlie Hebdo skapte debatt innover i komikarmiljøet, seier Botvar.

Sjølv om religion og humor møtest ofte i samfunnet, meiner forfattarane at forskinga på feltet ikkje har halde tritt med utviklinga på området. Boka er eit forsøk på å bota på det.

Bak prosjektet «Humor og religion – konflikt, dialog, endring» står, forutan Botvar frå Universitetet i Agder, sosiolog Ann Kristin Gresaker frå KIFO – Institutt for kyrkje-, religions- og livssynsforskning og professor Olav Hovdelien frå stor-
byuniversitetet Oslomet.

Dei har fått pengar frå dei respektive institusjonane sine og dessutan mellom andre frå Medietilsynet via Rådet for anvendt medieforskning og stiftinga Fritt Ord. Det har laga ei kvantitativ spørreundersøking om haldningane nordmenn har til religionshumor og ei

kvalitativ undersøking gjennom intervju med ni stand up-komikarar.

Blodig alvor

Tittelen på boka speglar at humor i høg grad og heilt bokstaveleg kan vere blodig alvor.

– Humor som har med religion å gjere, kan ha store samfunnsmessige konsekvensar, fastslår Botvar. – Somme kan bli så provoserte at dei drep, som vi såg med åttaket på Charlie Hebdo-redaksjonen i Paris. Dette er noko av det verste som kan skje, seier han til Kristelig Pressekontor.

Samstundes meiner han at humor kan ha mange positive konsekvensar.

– Det har skjedd ei utvikling på humorfronten. Mange er lei kvardagshumor, og fleire komikarar tar no for seg seriøse tema som tru og livssyn, seier Botvar og viser til komikaren Terje Sporsem som har reist rundt i landet med showet Religion der han fleipar med alle dei fem store verdsreligionane.

– Denne humoran er litt i skotet, seier Botvar og tek seg i det, sidan ordbruken òg kan oppfattast bokstaveleg.

– Bygger ned skrankar

Botvar har sjølv bakgrunn som journalist og avisteiknar i Vårt Land på 1980-talet og vart sensurert då han etter redaktørane si meining gjekk over streken med ein politisk karikatur. Han hadde òg på trykk ei teikning av den religiøse leiaren i Iran, ayatollah Khomeini, som han i dag er usikker på om han ville ha publisert. Så tanken om sjølvensur er ikkje heilt framand.

Botvar meiner humor kan spela ei rolle i dialogen mellom folk med ulike livssyn.

– Humor bygger ned skrankar og svekker fordomar, meiner han og viser til framvoksteren av fleire nye og norske muslimske humoristar, stand up-artistar som viser at ei gruppe menneske som einskilde er redde for, òg har glimt i auget.

– Humor finst overalt. Religion har mykje å tilføre humoren, og humoren kan lette kommunikasjonen, særleg om den er sjølvironisk. Noko av det vi har undersøkt, er kven som lagar humor om kven og kven det er «lov» å vitsa med, seier han og observerer at humor basert på eigne røynsler og eigen bakgrunn lettare fell i god jord enn humor retta mot andre.

Holocaust

– Er det stor skilnad på humor mellom religionane?

Framhald neste side



11. Karen Helen Boga

f. 1946
Pensjonist

Verv i kyrkjeleg samanheng

Kyrkjevert

Tekstlesar: Har vore i mange år. No berre bruk for meg når det ikkje er klokkar tilstades.

Kaffivert: Er no, og har vore i mange år. Medlem av Soknerådet i to periodar, kvar på åtte år. (1. periode på 70/80-talet, 2. gang på 2000-talet).

Satsingsområde

Song og musikk. Korleis få meir songglede i gudstenestene. Få folk til å syngja med. Bruk av forsangarar?



12. Paul Richard Kauffman

f. 1957

Verv i kyrkjeleg samanheng

Varamedlem i Sund sokneråd 2015–2019

Satsingsområde

Arbeid med barn og unge



12. Berit Marie Nygård

f. 1953
Pensjonist

Verv i kyrkjeleg samanheng

Varamedlem Sund sokneråd 2015–2019

Medlem Sund sokneråd 2011–2015

Satsingsområde

Arbeid for barn og ungdomsområdet.

Song i pinsegudstenestene



I pinnehelga var det fin song både i Sund kyrkje og i Kausland kyrkje, og då snakkar vi om song i tillegg til songen av kyrkjelyden. På 1. pinsedag var Sapfo Maria Stavrides (t.v.) i Sund kyrkje medan Tove Solvang (over) var i Kausland kyrkje på 2. pinsedag. Tekst/foto: Olai Otterå

Eldre mest skeptiske ...

Framhald frå førre side

– Det er ulike tabu, og jødisk humor er den vanskelegaste, seier Botvar og peiker på det dystre bakteppet som Holocaust gir.

– Derfor er det eigentleg berre jødar som kan laga humor om jødar, meiner han. – Når andre gjer det, blir det fort gale og ikkje morosamt. Men om dei gjer det sjølve, er det òg morosamare for andre, og då ser ein òg kvar grensene går.

Botvar seier ein må kjenne seg trygg for at noko skal bli morosamt. Derfor kan ein heller ikkje lage humor av alt i nær norsk historie.

– Å vitse med Holocaust er litt som å laga humor om Utøya og 22. juli. Det kan ein ikkje.

Botvar og co. registrerer at muslimar framleis vert sett på som ein minoritet i Noreg. Med det er dei ei svakare gruppe, medan kristne ikkje har ein slik status grunna det langvarige hegemoniet til kristendomen og det at staten stadig hegner om Den norske kyrkja, trur han.

Ikkje sparka nedover

– Dei yngre er mest opptatt av å stille seg solidarisk med minoritetar. Solidaritet ligg i ryggmargen i samfunnet vårt, meiner Botvar.

Han trur det er grunnen til at så få har sans for humor som «sparkar nedover». Her nemner han komikaren Otto Jespersen som fekk mange negative reaksjonar då han vitsa med at statsminister Kjell Magne Bondevik vart psykisk sjuk. Sjølv om Bondevik sat i den fremste maktposisjonen i landet, vart han i situasjonen sett på som eit sårbart einskildmenneske.

– Folk er opptatt av ikkje å ramme små og svake grupper eller individ. Å gjere det er meir tabu enn å ramme religion i seg sjølv, trur Botvar som elles håper fleire kan få auga opp for at det finst mykje bra humor, også på stader der ein kanskje ikkje trudde at han fanst.

Stein Gudvangen, KPK

**Sund og Landro med felles
Juleprosjektkor**

Repertoar:
Variert julemusikk

Øving:
i november, tid og stad
vert avtalt etter påmelding.



Framføring:
Landro kyrkje 8. des. kl. 17.30
Kausland kyrkje 22. des. kl. 18.00

Påmelding:
E-post: elineolsen@yahoo.com
irina.piano.84@gmail.com

Kristi himmelfartsdag i Telavåg

Ein gong om året vert ei av gudstenestene lagt til bedehuset i Telavåg, og Kristi himmelfartsdag har gjerne vore den utvalde dagen. I år var det prostiprest Michal Møgster som tok turen saman med kantor Irina Tarasova som hadde med seg eit elektroniske instrument.

Det var ei heilt vanleg gudsteneste med alle dei delane som ei gudsteneste gjerne inneheld, med song, musikk og preike. Nattverd var ein del av gudstenesta i Telavåg bedehus.

Etter gudstenesta var det lagt opp til kyrkjekaffi, og dermed kunne ein finna seg litt kaffi og noko godt å bita i før ein sette seg ved borda langs vegg og slo av ein prat med nokre av dei andre som hadde kome til Telavåg bedehus denne dagen.

Olai Otterå



Det var Michal Møgster som hadde gudstenesta i Telavåg bedehus på Kristi himmelfartsdag.

Kyrkjekaffi etter gudstenesta.





Det var Michal Møgster som hadde gudstenesta i Trellevikbyggnaden.



Ei lita forsamling hadde møtt fram i naustet i Trellevik.

Gudsteneste og kulturdag

Den årlege kystkulturdagen i Trellevik vart skipa til søndag 25. august. Ein del hadde møtt fram til gudstenesta som denne dagen starta med. Det var prostiprest Michal Møgster som hadde gudstenesta i Trellevikbyggnaden denne dagen. Det store naustet gav minner frå oppveksten hans om liknande

naust og aktivitetane der.

Etter gudstenesta heldt kystkulturdagen fram med ulike aktivitetar. Fleire prøvde seg m.a. i kanoar og kajakkar. Ein kunne òg kjøpa seg noko å eta i Skjenkestova.

Olai Otterå



Etter gudstenesta vart det lagt opp til ulike aktivitetar, m.a. å vera ute i båtar som desse.

FRED

Kirkemusikk møter krigsminner

TABULA RASA

Sopran: Rikke Lina Sorell Matthiesen, Sigrun Jørdre

Alt: Elise Thorgersen Varne, Zsuzsa Zseni

Tenor: Tord Kalvenes, Arild Rohde

Bass: Charles Lindberg, David Hebert

14. september

Krigsminnene på Fedje, minikonsert kl. 15

Fedjekyrkja, konsert kl. 17

15. september

Nordsjøfartmuseet i Telavåg, minikonsert kl. 15

Sund kyrkje, konsert kl. 18

22. september

Herdla museum, minikonsert kl. 15, 15.30 og 16

Herdla kyrkje, konsert kl. 18

Billetter: 200 kr

Støttet av Norsk kulturråd, Komponistforeningen og Det norske komponistfond

Temakveld om sorg

Diakonane i Nye Øygarden saman med Askøy arrangerer også i år temakveld om sorg. Denne gongen vert det to like arrangement på Foldnes og i Erdal:

FOLDNES KYRKJE 30.10 kl 19.00

ERDAL KYRKJE 31.10 kl 19.00

Foredrag: «Å møte hverandre i sorgen» v/**Rune Stray**, som er instituttprest, Institutt for sjelesorg, Modum Bad.

Musikkinnslag

Enkel bevertning

ALLE ER HJARTELEG VELKOMNE

Knut Kaldestad tilsett som prostiprest i Vesthordland prosti

Knut Kaldestad er tilsett som prostiprest i Vesthordland prosti. Hans arbeidsstad vil i hovudsak vere i det som i dag er Fjell fellesrådsområde og Øygarden fellesrådsområde. Han tek til i stillinga 1. september.

Kyrkjeverja gjorde eit profilintervju med Knut Kaldestad for kyrkjeblada i Fjell, Sund og Øygarden.

Kven er Knut Kaldestad?

Eg er ein nordfjording som trivst godt i Fjell og det som skal bli nye Øygarden. Eg er ein takksam og glad mann, gift med Anne (som er pedagogisk leiar i kyrkjelysten). Og eg er ein prest som er glad i menneske og vert berika av gudstenester, som likar å forkynne og gleder meg til nye utfordringar.

Kva er ditt forhold til kommunane Fjell, Sund og Øygarden?

Eg vart kjend med folk på øyane her vest då eg arbeidde i Bibelselskapet, med Aksjon Handskriven Bibel og innsamling til barnebiblar i Ukraina, Bibeldagsgudstenester, Vandring gjennom Bibelen og andre arrangement. Sidan 1997, då eg gifta meg med Anne, har eg budd i Fjell, først på Eide og sidan på Søre Bildøy. Då har eg møtt mange menneske som eg har blitt glad i og inspirert av. Og eg veit at eg framleis har mykje å lære, om både om Sund, Fjell og Øygarden.

Kvifor vart du prest?

Eg har vore kristen sidan eg vart døypt i april 1955. I følgje Luther er alle som er døypte. prestar, kalla til å forkynne Guds storverk. I det kristne ungdomsarbeidet i Gloppen fekk eg oppgåver som leiar og andaktshaldar. Eg vart inspirert til å studere teologi, som mange ungdommar frå Gloppen gjorde. Og når eg vart ferdig, opplevde eg det naturleg og meningsfullt å bli prest. Det berikar meg som menneske og som kristen.

Du har arbeida i Sjømannskyrkja. Korleis var det?

Anne og eg har arbeidd på Lanzarote som vertskap og sjømannsprest. Det var seks flotte og lærerike år, med flotte menneskemøte, godt klima og vakker natur. Mange som ikkje går så mykje i kyrkjer i Norge, kom sjømannskyrkja og opplevde det som



Knut Kaldestad er ny prostiprest i Vesthordland prosti.

ein raus møteplass. Slik kan det å vere i kyrkja her heime.

Kvifor vil du vere prostiprest i Vesthordland?

Etter å ha pendla til Bergen i fire omgangar, i Bibelselskapet og Bymisjonen, til Haraldsplass og Fridalen, skal eg no endeleg vere prest der eg bur. Eg gler meg til å verte prostiprest og ha gudstenester og møte menneske. Så får eg lov til å samarbeide meir med Anne, kona mi, mellom anna ved Ungdomsleiarforum og Retreat i Fjell.

Korleis vert du opplevd som prostiprest, trur du?

Dette bør vel helst andre svare på. Men eg håpar at folk vil oppleve meg som ein positiv og venleg mann, ein som ønskjer å følgje Jesus og verte prega av han. Eg håpar at folk vil oppleve meg som ein prest som tek folk på alvor med livet deira, slik det er, og som forkynner Gud, Skaparen som alltid opnar seg i grenselaus kjærleik. Som prest vil eg gjerne gje menneske mot til tru, håp og engasjement.

Olav Martin Vik

Basar for Kirkens Bymisjon



Foreininga Flittige Hender ønskjer velkomen til **basar** på **Aktivitetssenteret** i Skogsskiftet **søndag 8. september kl. 16.00**. Det vert loddsal og åresal. Inntekta vil gå til **Kirkens Bymisjon**.

Det vert også servert kaffi og gode kaker, så ta gjerne ettermiddagskaffien her.

Hugsar du å ta med deg kontantar og kjøper lodd og årer, kan det vera du som vinn duken du ser på biletet.



Kjell-Asle Børnes ved kyrkjesteinane på Tyssøy.



Klokkinginga stod Arne Dävøy for.

Friluftsgudsteneste på Tyssøy

16. juni var det nok ein gong samling ved kyrkjesteinane på Tyssøy og den årlege friluftsgudstenesta der. Vêret var utrygt denne dagen og la nok ein dempar på tilstrøyminga av folk. Men under gudstenesta heldt regndropane seg borte.

Det har etter kvart også vorte ein tradisjon at Sund Brass tek turen til Tyssøy på denne tilstellinga, og dei sørga for fin musikk gjennom gudstenesta.

Etter gudstenesta er det alltid nokon du kan slå av ein liten prat med. Og så var det også denne dagen laga til kyrkjekaffi, slik at ein etter kvart kunne trekkja bakover på bakken og smaka på både kaffi og noko å bita i.

Olai Otterå



Etter gudstenesta gjekk praten på kyrkjebakken.



Sund Brass stod for fin musikk også i årets friluftsgudsteneste på Tyssøy.

Kopperud tok avskil i Sund

Erling Kopperud gir seg som prost i Vesthordland prosti denne hausten, ein jobb han har hatt i dei 20 åra som prostiet har eksistert. No er det pensjonisttilværet som står for døra

Men før han gir seg vil han besøkje dei ulike kyrkjene i prostiet for å ta avskil med kyrkjelydane der. Den første kyrkja han valde ut var Sund kyrkje. På kort varsel vart det bestemt at han skulle koma på 1. pinsedag, og mange av dei som kom til kyrkja vart nok overraska over at prosten var der i tillegg til soknepresten.

Det var Kopperud som heldt preika denne dagen. Men det vanka òg ei gåve til han frå Soknerådet. Gåva var eit lite maleri som soknerådesleiar Brynhild Enerhaug hadde laga.

Nokre veker seinare var Erling Kopperud med på ei liknande gudsteneste i Kausland kyrkje. Også her heldt han preika, og også her fekk han ei gåve, denne gongen «berre» ein blomsterbukett sidan han alt tidlegare hadde fått ei gåve.

Den endelege avskilgudstenesta med Erling Kopperud vert i **Foldnes kyrkje søndag 27. oktober kl. 18.00**. Då vil også biskopen vera til stades.

I neste nummer av Sund Sokneblad vil kyrkjaverja ha eit intervju med Kopperud.

Olai Otterå



I gudstenesta i Sund kyrkje 1. pinsedag fekk Erling Kopperud overrekt eit lite maleri laga av Brynhild Enerhaug.



Også i gudstenesta i Kausland kyrkje fekk prosten overrekt ei gåve, denne gongen ein blomsterbukett.



Kopperud hadde preika i Sund kyrkje på 1. pinsedag.



Erling Kopperud for siste gong på preikestolen i Kausland kyrkje som prost.

Misjon på tre kontinent

På Føremiddagstreffet i mai var Alvhill Vassel Eide gjest i Kyrkjekjellaren. Ho har tidlegare m.a. vore tilsett i NMS, og denne dagen fortalde ho om misjon på tre kontinent. Ho hadde òg med seg lysbilete som ho viste fram.

Det eine kontinentet ho tok fram var Asia. Her konsentrerte ho seg om Japan der shintoisme er rådande og berre 0,7% er kristne. Misjon i Japan er som å driva stangfiske, meinte ho. «Er det mange nok som fiskar med stang, vil ein få napp.» Håpet ligg i trua på at Gud vil senda nye folk til å fiska.

Så vende ho seg til Europa og to forstader til Tallin i Estland. Estland er eit av dei mest sekulariserte land i verda, fortalde ho. I 2008 snakka Tiina Klement med folk på gata om dei ville vera med henne heim og snakka om Jesus. I 2012 fekk dei ein kyrkjetomt, i 2013 var det arkitektkonkurranse med stor interesse, sjølv om ingen hadde teikna ei kyrkje før. I 2017 løyvde kommunen 14 millionar til bygginga i tillegg til at det hadde vore bønner og innsamlingar. No står kyrkja ferdig, og kyrkjelyden veks gradvis.

Til slutt var ho innom Mali i Vest-Afrika, eit land der 50% er under fattigdomsgrensa. Her høyrer dei fleste til Islam. Ein klarer ikkje å vera kristen åleine, dei må vera fleire for å stå imot presset. Kampen mot omskjering er viktig. Mange har mista livet i prosessen, og difor ser dei sjølve at det må ta slutt.

Olai Otterå



Alvhild Vassel Eide snakka om misjon på tre kontinent då ho besøkte Føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren siste onsdagen i mai.

Alvhild Vassel Eide hadde med seg lysbilete som ho viste.



Føremiddagstreffa

Det blir føremiddagstreff utover hausten, sjølv om tema ikkje er klart for alle gjestane førebels. Men som vanleg vekslar føremiddagstreffa mellom Kyrkjekjellaren i Klokkekarvik og Kyrkjelydshuset på Kausland. Og like vanleg er det med ein felles lunsj før gjesten taler om sitt tema. Datoane er klare, siste onsdagen i månaden kl 11.30.

25.09 Kyrkjelydshuset, Kausland

Gjest: Kjell-Asle Børnes

Tema: De er saltet på jorda!

30.10 Kyrkjekjellaren, Klokkekarvik

Gjest: Annbjørg Barane

Tema ikkje klart

27.11 Kyrkjelydshuset, Kausland

Gjest: Erling Kopperud

Tema ikkje klart

PERLER I HAVLANDET



Perler i Havlandet

Tekst og foto:

Marie Golten Pettersen

Ny bok med vakre steinbilete frå havlandet her i vest.

Boka kan kjøpast direkte frå forfattaren:

post@havlandet.com

Pris: 300 kr (+ ev. porto)

Michal Møgster: Frå sokneprest til prostiprest

I over eit år har Michal Møgster vore prostiprest i Vesthordland prosti. Ved mange høve har vi sett han i gudstenester her i Sund dette året, for i tillegg til Askøy er Sund det området han dekkar.

Namnet skulle tilseia at han var frå Austevoll. Faren kjem rett nok derifrå, men oppveksten til Michal er i Emblem i Ålesund kommune. Men i Austevoll var han ofte om somrane i oppveksten, og her i Sund finn han mykje av den same stemninga som han opplevde der.

Michal Møgster kjem frå ein kristen heim, og det var nok det som gjorde at han etter kvart fekk driv til å gå inn i denne tenesta, og det trass i at han ikkje likte å stå framfor folk. Det har han nok etter kvart blitt van med etter meir enn 30 år som prest.

Det blei ikkje vanskeleg for Michal å få seg jobb då han var ferdig på MF i 1987. For biskopen i Bjørgvin hadde ringt han og spurt om han ikkje kunne bli sokneprest i Lærdal. Det takka han ja til og blei der i 4 år før han flytta nærare heimstaden. I 7 år var han sokneprest i Haram, og deretter 17 år i Hareid. Dei siste 7 åra før han vart seniorprest i Vesthordland prosti var han sokneprest i Strusshamn. - Eg gler meg over gudstenestene og at eg får vera til hjelp ved gravferder og vigslar, seier han.

Olai Otterå



Michal Møgster har vore prostiprest i Vesthordland prosti det siste året.

Astrid Fylling tilsett som seksjonsleiar for diakoni

Astrid Fylling er tilsett som leiar for seksjon diakoni i nye Øygarden kyrkjelege fellesråd. Astrid går inn i stillinga etter Torbjørn Fjøren, som vart pensjonist i sommar.

Astrid Fylling (61) arbeider i dag i ei kombinert stilling som diakon i Løvstakksiden menighet og Bergen internasjonale menighet og som prestevikar i Bergen internasjonale menighet.

Astrid Fylling har tidlegare vore misjonær i Mali, rådgivar ved Bjørgvin bispedømmekontor i 14 år innanfor området diakoni og har erfaring som sjukepleiar knytt til asylmottak.

Ho har som grunnutdanning sjukepleie og har seinare teke årseining i diakoni og vidareutdanning i psykiatrisk sjukepleie.

Astrid vert presentert nærare i neste nummer av bladet.

Olav Martin Vik



Korøving i Sund kyrkje

STJERNEKORET

(frå 4 år til 3. kl.)

øver kl 17.30 - 18.30

BETWEENSKORET

(frå 4. kl. og oppover)

øver kl 18.30 - 19.30

10. og 24. september

15. og 29. oktober

12. og 26. november

10. desember

Nye og gamle medlemmer er
velkomne!

Grunnmur

Arbeid må kvalitetssikrast! Vi kjem heldigvis ikkje utanom diverse kontrollinstansar som skal sjå til at alt er på stell...

Men kva når det gjeld LIVET, Livet med stor L? Livets grunn må også kvalitetssikrast! Vi må ha fast grunn under oss som toler ekstreme forhold, seier Bibelen (Matt 7,24-27).

Og gode, gamle Paul Gerhardt peikar på det same i sin salme frå 1652: «Den grunn hvorpå jeg bygger, er Kristus og hans død; i Kristi kors skygger forsvinner all min nød...» (Norsk Salmebok 338 v. 5)

Her ligg armering og fundament for Livets grunn. Her er fast fjell som ikkje blir skylt bort når stormværet bryt på. Ingen av våre kvalitetar eller meritt-listar duger som grunnmur. Alt står og fell med Jesus – at han døde for oss og stod opp for oss!

Og nettopp dette var det Martin Luther oppdaga. Han fann til slutt ingenting hos oss sjølve som kan duga som grunnmur. Nei, han fann ut at evangeliet er å vera 100% utlevert til Jesus og det han har gjort for oss! Og dermed las Martin Luther det kjende

avsnittet frå Jes 53, slik: «...han (Jesus) vart såra for Martin sine brot og sundbroten for Martin sine synder. Straffa låg på han, så Martin skulle ha fred, og ved hans sår har Martin fått lækjedom.» Slik kvalitetssikra Martin Luther grunnmuren!

Det einaste han kunne byggja på og stå på var dette: «For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve». (Ef 2,8)

Og det same er også vi kalla til å gjera! Og Livets grunnmur burde vel få minst like stor oppmerksomhet som det bil, båt og hus får...

Og når vi så har fått kvalitetssikra Livets grunn, og slik faktisk blitt løyst frå våre prestasjons-gjeringar, då blir vi utrusta og sett i stand til å utøva *kjærleikens* gjeringar! Ikkje for å bli frelst, men fordi vi er frelst! Ikkje for å fortene frelsa, men for å elska slik Gud har elska oss! Og nettopp *kjærleikens* gjeringar i kvardagen skal vera som eit speil-bilde av vårt forhold til Gud. Ei tru som bærer *kjærleikens* gjeringar som ei

naturleg frukt, vil bestå prøven når den siste stor-stormen og det siste regn-skyll set inn. Men ei tru som berre ytrar seg gjennom store ord og fine fraser, blir lett bytte for vannmassene.

For, som Jesus seier det i Matt 7: «Ikkje alle som seier til meg: Herre, Herre! skal koma inn i himmelriket, men dei som gjer det Far min i himmelen vil». Og hans vilje kjenner vi, både frå Bergpreika og andre preiker: «Alt det de vil at andre skal gjera mot dykk, det skal de òg gjera mot dei». «Du skal elska Gud over alle ting, og du skal elska nesten din som

deg sjølv».

Så blir det opp til oss, i kvardagsmøtet med vår neste, å konkretisera desse bodar... Det dreier seg ofte om ei hand å halde i, om litt tid, og om å gå eit stykke veg i lag med nokon. Slik blir vi ikkje arbeidslause, med det første...

Men aller først må vi sikra GRUNNMUREN! Den kan ikkje venta til seinare i byggeprosessen. For dagen i dag er alt vi har. Morgondagen kjenner ingen.

Finn difor din plass ved Herrens NÅDEBORD – du også! Der finn vi FAST GRUNN under føtene – både for tid og evighet!

Kjell-Asle Børnes

Andakten

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)



Du kan ringja Kirkens SOS heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døde, tlf. 55 32 56 97

GRAVMINNER



Løvaas
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnede salongen!



Redas Neglestudio

Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner
Lensmannsvegen 17B,
5378 Klokkarvik

Epost: redapukelis@gmail.com
Facebook: Redas neglestudio

Myldredagar

- for heile familien
- besteforeldre også

Klokka 17.00-19.00

Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje

- 3. september
- 1. oktober
- 5. november
- 3. desember
- 7. januar 2020

Kyrkjelydshuset på Kausland

- 11. september
- 16. oktober
- 20. november
- 11. desember

Middag -

bibelfortelling -

aktiviteter -

felleskap

Ta med familien og kom,
eller kom åleine.

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND APOTEK
Tlf. 56 33 88 80

SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13



Tlf. 56 31 77 34



Tlf. 56 33 70 70

**BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
FARGEHANDEL - FRISØR - BOKHANDEL - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO**

Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:
klokkaroppgåver,
kyrkjevertoppgåver eller
kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
477 07 698 eller på e-post:
hildegunn.bornes@sund.kommune.no

Gjevartenesta i Sund kyrkjelyd:

Barne- og ungdomsarbeidet:

Kto.nr.: 3628.50.65156

Kyrkjelydsarbeidet:

Kto.nr.: 3470.44.67003

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

*Si det med
Blomster*



**Sund Senter
Blomster**
Tlf. 56 33 90 13

Via **INTERFLORA**
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønska.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01

Nettside

Den norske kyrkja i Sund

Me har bygd opp ei nettside for kyrkje-
lydane i Sund. Kyrkjevevja har det
redaksjonelle ansvaret. På nettsida finn
du informasjon om verksemda og ein
kalender som viser aktivitetar.

www.kyrkja.no/sund

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag
kl 09.00 – 15.00: **922 18 817**

Ein kan også kontakte Sund kyrkje-
kontor: **56 31 90 80**

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE

Vil du bli med på klubb?

Betweenklubb

Vi starta opp fredag 30. august.

Elles møtest vi:

17. september, 22. oktober,
19. november, 17. desember,
21. januar

klokka 17.30 - 19.30

i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje.

Frå 4. klasse og oppover.

Det blir:

**Leikar, aktivitetar,
Bibelen, kveldsmat.**

Velkomen,
og ta gjerne med ein venn!

Lovsongskveldar

i Sund kyrkje

Søndag 8. september

kl 17.00

Stjernekorset og

Betweenkorset blir med.

Fredag 18. oktober

kl 19.00

Vi et kveldsmat saman etter
lovsongskveldane.

Alle er velkomne!

Vigde

Kausland kyrkje 25.05

Iselin Fjelde og Espen Fjæreide

Sund kyrkje 01.06

Christine Johannessen Opseth og
Marius Flesland Sylta

Kausland kyrkje 01.06

Irina Skopova og Johnny Iversen
Isabell Rosenbäck Nesse og
Kristian Eggen

Sund kyrkje 06.07

Frida Danielsen og Eivind Hustad

Døpte

02.06 Sund kyrkje
William Torsvik Stensrud

30.06 Sund kyrkje
Rebecca Henriksen Selstø

28.07 Sund kyrkje
Helene Ingeborg Sandtorv
Sofie Le Børnes

04.08 Kausland kyrkje
Karoline Steinsland

18.08 Sund kyrkje
Othilie Thodesen Kalve

Onsdagstreffa

Også denne hausten held ein fram med dei såkalla Onsdagstreffa på Aktivitetssenteret i Skogsskiftet. Treffa tek kvar gong til kl 11.00.

Onsdag 4. september
Onsdag 2. oktober
Onsdag 6. november
Onsdag 4. desember

Gravlagde

28.05 Kausland kyrkje
Magne Gunnar Hitsøy, f. 1940
(bisetjing)

28.05 Sund kyrkje
Audun Bjånes, f. 1928

21.06 Kausland kyrkje
Anna Øvretveit, f. 1946

19.07 Kausland kyrkje
Norvald Midttveit, f. 1936

06.08 Kausland kyrkje
Kirsten Johanne Telle, f. 1928

07.08 Kausland kyrkje
Edith Berge, f. 1929

13.08 Sund kyrkje
Svanhild Hausberg, f. 1927

16.08 Kausland kyrkje
Mikal Olai Vorland, f. 1935
(bisetjing)

20.08 Telavåg gravplass
Frida Stranden Snekkevik,
f. 2019 (berre seremoni ved
grava i Telavåg)

Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Frå 1. oktober 2018 vil ikkje kyrkjekontoret lenger få tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Øg unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døpte, vert konfirmasjonsførebuing som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjekontoret i Sund

Resepsjon (felles med kyrkjekontoret på Straume):

Måndag - fredag kl. 10.00 - 14.00

Telefon sentralbord: 55 09 74 40

Besøksadresse: Temahuset,
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkjekontoret i Sund.

E-post: post.sund@kyrkja.no

Nettside: www.kyrkja.no/sund

Postadresse: Sund Sokneråd
Kyrkjevegen 30
5378 Klokkekarvik

Administrasjon

Olav Martin Vik 93 26 44 00
kyrkjeveve
E-post: ov769@kyrkja.no

Tove Olene Foss Solvang 56 31 90 80
kontorleiar
E-post: ts845@kyrkja.no

Soknepresten

Kjell-Asle Børnes 48 00 26 97
sokneprest
E-post: kjell.asle.bornes@sund.kommune.no

Stab

Irina Tarasova 47 45 06 06
kantor
E-post: irina_piano_84@mail.ru
irina.piano.84@gmail.com

Hildegunn Børnes Myklebust 47 70 76 98
diakonimedarbeidar
E-post: hildegunn.bornes@sund.kommune.no

Dag Reidmar Pettersen 47 70 79 52
kyrkjelydspedagog
E-post: dag.pettersen@sund.kommune.no

Gunnar Langeland 47 71 66 93
kyrkjegardsarbeidar

Rolf Oksnes 90 36 75 47
kyrkjegardsarbeidar
E-post: rolfoksnes@hotmail.com

Sokneråd/fellesråd

Brynhild Enerhaug 90 08 00 96
soknerådsleiar
E-post: brynhild.enerhaug@bkkfiber.no

Sund
Sokneblad

Utgevar: Sund Sokneråd

Adresse: Kyrkjevegen 30,
5378 Klokkekarvik
Konto: 3628.07.11645
Kontingent: 250 kr pr. år
Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:
Olai Otterå 928 93 057

E-post:
sund.sokneblad@bkkfiber.no

Trykk:
Bodoni AS, Straume



Opplag: 2.950

Ny FN-dag for offer for trusbasert vald



TRUSFRIDOM: Generalsekretær i Stefanusalliansen, Ed Brown, er glad for den nye FN-dagen. Her er han på besøk i Karakosh i Irak der terrorrørsla IS tvinga kristne på flukt og etterlét byen i ruinar i 2014. (Foto: Stefanusalliansen)

Stefanusalliansen gleder seg over ny internasjonal minnedag for menneske som er utsette for valdelege angrep for si trus skuld.

I slutten av mai avgjorde FNs generalforsamling at 22. august skal vera den internasjonale minnedagen for dei som blir utsette for valdelege angrep på grunn av trua si. FNs generalforsamling ber alle medlemsland, FN og andre internasjonale organisasjonar, sivilsamfunnet og private aktørar om å markera den nye minnedagen.

– Dette er ei storhending, og vi er glad for at minnedagen kjem. Vi håper dette kan vera med på å kjempa mot alle former for hatkriminalitet og vald retta mot menneske på grunn av tru eller religion, seier Ed Brown, generalsekretær i Stefanusalliansen, i ei pressemelding.

Resolusjonen understrekar trusfridommen, ytringsfridommen, forsamlingsfridommen og organisasjonsfridommen og rolla til desse rettane i kampen mot intoleranse og diskriminering basert på tru eller livssyn. Han kjem etter dei

siste års kraftige auke i valdelege angrep mot religiøse samfunn og minoritetar.

– Viss alle FNs medlemsland tar denne resolusjonen på alvor, vil minnedagen få stor tyding for sårbare grupper i mange land, seier Brown.

Resolusjonen beklagar sterkt «alle valdshandlingar mot personar på grunnlag av religionen deira eller tru, og dessutan handlingar retta mot heimane deira, bedrifter, eigedommar, skuler, kulturelle senter eller stader for tilbeding, og dessutan alle angrep på religiøse stader og mot heilagdomar, angrep som er i strid med folkeretten».

– Hat mot religiøse grupper kan føra til massedrap på uskuldelege menneske, åtvare Polens utanriksminister Jacek Czaputowicz då han la fram resolusjonsteksten.

Den nye minnedagen vart samrøystes vedtatt og er den første FN-vedtatte dag for å setja internasjonalt søkelys på trusfridommen og minna offera for forfølgning på grunn av tru eller livssyn. (KPK)

Silje Kvamme Bjørndal den nye KRIK-leiaren

Silje Kvamme Bjørndal (37) blei tilsett som ny generalsekretær i KRIK tidlegare i år. Ho kom frå jobb som rådgjevar for KrF på Stortinget.

– Det er ei glede å kunna presentera Silje Kvamme Bjørndal som den nye generalsekretæren vår. Det å vera ein organisasjon med tru, idrett og aktivitet i sentrum, og den stadige oppveksande generasjonen som målgruppe, krev kontinuerleg vidareutvikling, sa styreleiar i KRIK, Erlend Klepssvik Haus, i ei pressemelding.

Silje Kvamme Bjørndal er utdanna ved NLA Høgskulen Bergen og MF vitskapleg høgskule, der ho òg har skrive doktorgraden sin i systematisk teologi.

– Silje har eit tydeleg Jesus-fokus og ein særskild god formidlingsevne. I kombinasjon med hennar strategiske ferdigheiter og teologiske kompetanse gjer dette ho til den rette generalsekretæren i KRIK, seier Haus.

Bjørndal uttalte i same pressemelding at ho gleder seg til å ta fatt på den nye jobben.

– Det er eit fantastisk privilegium å få verta med på KRIK-laget og byggja vidare på den kvaliteten og lidenskapen som kjenneteiknar denne organisasjonen. Eg brenn for at unge menneske skal finna trygge fellesskap, der dei kan få veksa og utfordrast, både i trua og på idrettsbanen, seier ho.

Bjørndal overtok jobben etter Magnus Hvalvik som hadde vore konstituert i stillinga sidan august i fjor. (KPK)

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem i veke 44

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 16. oktober